



Miljøverndepartementet
Boks 8013 Dep
0030 OSLO

Trondheim, 10.09.2013

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/412, se sak 2012/16650 i DNS
historiske base

Saksbehandler:
Line Novstad

Tilrådning i klagesak - Løyve til oppkøyring av skispor med snøskuter - Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Det synes til klage datert 27. desember 2012 frå Olav M. Fimland og Marius Ness, samt klage frå Sogn og Fjordane villreinnemnd av 28. desember 2012 på løyve til oppkøyring av skispor med snøskuter i Nes/Vonamarka gjeve av verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Vidare synes det til verneområdestyret si oversending av saka datert 11. februar 2013. Miljøverndepartementet er klageinstans for løyve gjeve av verneområdestyret. Miljødirektoratet førebur klagehandsaminga for Miljøverndepartementet.

Miljødirektoratet tilrår etter førebuaude klagehandsaming at løyve til oppkøyring av skispor med snøskuter gjeve av verneområdestyret vert endra. Dette då det ikkje er heimel til å gje dispensasjon i naturmangfoldlova § 48, då tiltaket er i strid med vernevedtaket sitt føremål.

Saksframstilling

Verneområdestyret ga i møte nr. 7/2012 løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter ein tur i veka til Fosselvkråna i tidsrommet 1. januar til 1. april 2013. Løyvet blei gjeve med vilkår.

Løyvet vart påklaga i brev datert 27. desember 2012 av Fimland og Ness som er grunneigarar i området, og av Sogn og Fjordane villreinnemnd i brev av 28. desember 2012.

Verneområdestyret handsama klagene i møte 11. februar 2013, men fann ikkje grunn til å ta klagene til følge. Saka vart derfor sendt Miljødirektoratet og Miljøverndepartementet for endeleg klagehandsaming.

Merknadar i klagene

Fimland og Ness kan ikkje sjå at det er behov for meir løypekøyring i Nes/Vonamarka. Køyring i dette området vil etter deira meining være unødig og nyttelaus køyring. Dersom løyvet vert ståande vil dei som grunneigarar krevje å nytte snøskuter til tilsyn og transport av nødvendig utstyr til eigne stølshus ein gong pr. veke i same tidsrom som omsøkte køyring.

I klaga frå villreinnemnda vert det peika på at løyvet strir i mot verneforskrifta. Villreinnemnda ønskjer å skåne villreinområdet mot faste skiløypetrasear med så jamn bruk at den kan skape trekkbarrierar.

Klagefrist og rettsleg klageinteresse

Klaga er sett fram innanfor klagefristen og av nokon med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningsloven (fvl.) §§ 28 og 29.

Klageinstansen kan etter fvl. § 34 prøve alle sider av ei sak ved klagehandsaminga, også ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan vidare sjølv treffe vedtak i saka eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming. Vedtak kan ikkje endras til skade for klagaren, med mindre vedkommande sine interesser vurderast å måtte vike for omsynet til andre privatpersonar eller offentlege interesser, jf. fvl. § 34 tredje ledd. Melding om slik endring må i så fall vere sendt klagaren innan 3 månader etter at underinstansen mottok klagen.

Miljødirektoratet si tilråding

Formålet med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er «å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.»

Motorferdsel er etter verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde generelt forbode, jf. forskrifta § 3 punkt. 5.1. Ei rekkje tiltak er unnateke frå forbodet, men oppkøyring av skispor med snøskuter er ikkje unntekte frå det generelle forbodet. Køyring med snøskuter for å lage skispor krev derfor at det blir gjeve dispensasjon etter naturmangfoldlova (nml.) § 48.

Etter nml. § 48 første ledd heiter det at det kan gjerast unnatak frå eit vernevedtak dersom « det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Nml. § 48 er meint å skulle omfatte tiltak kor forskrifta har fått ei noe strengare utforming enn verneformålet og verneverdiane gjer det nødvendig. Også tilfelle kor verneføremålet og verneverdiane tåler at det skjer enkeltvise avvik frå verneføresegna, vil famne inn under nml. § 48. Alternativa skal i første rekkje kunne anvendast på søknader som gjeld bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrningar. Det fremgår vidare av nml. § 7 at prinsippa i nml. §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøvinga av offentleg mynde som rører ved naturmangfald, og at det skal gå fram av løyvet korleis prinsippa er vurdert og lagt vekt på i saka.

Etter dette alternativet må begge vilkåra vere oppfylte for at det skal kunne gjevast dispensasjon. Sjølv om vilkåra er oppfylt vil ikkje søkar ha krav på dispensasjon. Det må skje ei konkret vurdering om dispensasjon skal bli gitt, kor fordelar og ulempar med dispensasjonen skal vurderast mot kvarandre. Av førearbeida til § 48 framgår det at føresegna ikkje kan nyttast for å utvide ramma som er trukke opp i vernevedtaket. Føresegna er ein sikkerheitsventil som er meint å fange opp uforutsette tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje blei vurdert på vernetidspunktet.

Det første vilkåret inneber at oppkøring av skispor med skuter «ikke må stride mot vernevedtakets formål» Dette inneber at tiltaket etter si art, plassering og omfang ikkje må stri mot føremålet med vernet slik det kjem fram av føremålsparagrafen i verneforskrifta.

Tradisjonelt friluftsliv er ein del av verneføremålet, og Naustdal - Gjengedal er peika ut som eit nasjonalt og regionalt viktig område for utøving av friluftsliv (fylkesdelplan for friluftsliv 1995). Vonamarka er eit av dei mest nytta utfartsområda til denne aktiviteten. Det er også lang tradisjon for skigåing i området. Av naturverdiar er det observert vipe, bergirisk, fiskemåke og strandsnipe (gamle observasjonar), men desse er ikkje i området når oppkøringa skjer. Miljødirektoratet vurderer kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg når det gjeld tilstanden for naturmangfaldet og verknaden tiltaket vil ha for dette, jf. nml. § 8.

I utkast til forvaltningsplan til Naustdal- Gjengedal går det fram at området skal opplevast som stille og roleg, og at bruken av motorkøretøy skal haldast på eit minimum og ikkje auke i høve til tilstanden ved vernetidspunktet. I verneprosessen vart omfanget av og behovet for motorisert ferdsle vurdert, og verneforskrifta og forvaltningsplanen set rammene for denne bruken. Oppkøring av skiløypa i denne saka er ikkje vurdert i verneprosessen. Løypa har i følge opplysningane i saka vore køyrd opp av Røde Kors i samband med påskevakt og leigekøyring etter avtale med kommunen før området vart verna. Forvalter har opplyst at løypa har vorte nytta utan at den har blitt køyrd opp etter vernetidspunktet, men bruken har då vore mindre enn når løypa blei køyrd opp med snøskuter. Miljødirektoratet ser at Røde Kors sin aktivitet har vore vurdert i verneprosessen, men Miljødirektoratet finn ikkje at oppkøring av skispor til friluftsføremål er ein del av denne aktiviteten sjølv om Røde Kors tidlegare har køyrd opp disse løypene. I utkastet til forvaltningsplan følger det at verneforskrifta ikkje opnar for å preparere løyper og at det ikkje er noko føresetnad å preparere løypene for å kunne nytte området til friluftsliv på ski.

Tradisjonelt friluftsliv er ein aktivitet som er enkel og forsiktig i høve til inngrep og forstyrring, då aktiviteten foregår utan bruk av motorisert ferdsel som fører til forstyrring og støy. Skigåing som er formålet med oppkøring av skispor er omfatta av begrepet tradisjonelt friluftsliv. Motorisert ferdsle på snødekt mark i eit avgrensa tidsrom har liten verknad på vegetasjon med omsyn til slitasje, jf. nml. § 12. Oppkøring av skispor vil tilrettelegge for utøving av friluftsliv og såleis være til nytte og glede for brukarane av området. Bruk av motorisert ferdsel vil likevel føre til auka støy når løypa vert køyrt opp, og vil kunne uroe menneske som ønskjer å oppleve ro og stillhet i naturen. Det er i dag ei sær avgrensa bruk av snøskuter i området. Det blir nytta snøskuter til transport av varer til Longvasshytta og andre hytter, til vedlikehald av bygningar og til køyring av saltstein til beitedyr. Etter Miljødirektoratet si vurdering vil sjølve skigåinga være i tråd med føremålet, men oppkøring av løypa med snøskuter vil etter vårt syn ikkje kunne seiast å være i tråd med føremålet om at friluftsliv skjer «utan særleg teknisk tilrettelegging». Begrepet «teknisk tilrettelegging» vil til dømes kunne være merking av stier, klopplegging, bygging av bruer og oppføring av gapahuger. Miljødirektoratet meiner at det å bruke snøskuter for å køyre opp skispor er «teknisk tilrettelegging». Bruk av snøskuter for å tilrettelegge for skigåing vil gi auka bruk av motorisert ferdsel som igjen vil kunne gje auka krav om meir og betre tilrettelegging eksempelvis i form av skilting og oppkøring av fleire løyper. Sett opp mot formålet om å avgrense bruk av motorisert ferdsel og gje brukare av området oppleving av ro og stilla vil eit løyve være i strid mot formålet om at tradisjonelt friluftsliv skal skje utan særleg teknisk tilrettelegging.

Eit løyve i denne saka vil auke bruk av motorkjørety i område og føre til støy når løypa blir køyrd opp. Sjølvstøyen vil være av kortvarig karakter, men oppkøyninga er ein aktivitet som er ønskeleg av Instedal skianlegg i framtida slik at et løyve vil ha presedens for fremtidige søknader, jf. nml. § 10.

Miljødirektoratet finn på bakgrunn av dette at oppkøyning av skispor med snøskuter er i strid med verneføremålet, og ikkje kan seiast å være et spesielt/særleg tilfelle som nml. § 48 er meint å skulle omfamne.

Då eit av vilkåra i nml. § 48 ikkje er oppfylt er det ikkje heimel til å gje dispensasjon til oppkøyning av skispor med snøskuter i medhald av nml. § 48.

Når det gjeld klaga frå villreinnemnda har ikkje Miljødirektoratet i si tilråding vurdert disse merknadane då villrein ikkje er ein del av verneføremålet. Omsynet til villrein ville ha vore vurdert dersom Miljødirektoratet i si vurdering hadde kommet til at vilkåra i nml. § 48 hadde vore oppfylt. Då beror det på ei konkret vurdering om ein dispensasjon skal gjevast basert på dei ulempene og føremonene dispensasjonen vil kunne gje.

Miljødirektoratet si tilråding til Miljøverndepartementet

Miljødirektoratet tilrår i si førebuande klagehandsaming at klagen blir tatt til følge og at verneområdestyret sitt vedtak vert endra.

Helsing
Miljødirektoratet

Berit Lein
Avdelingsdirektør

Olav Nord-Varhaug

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Sogn og Fjordane villreinnemd SNO Sandane v/ Rune Holen	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Instedal Skianlegg		6817	NAUSTDAL
Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Olav R. Fimland	Nes	6817	NAUSTDAL
Marius Ness	Nes	6817	NAUSTDAL